

Bjørn Rundhovde
Drageneset 30
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5597 - 21/49050

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 327/20 Moldekleiv

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 327/20
Tiltakshavar: Bjørg-Inger og Bjørn Rundhovde

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomen gbnr 327/20 ligg i uregulert område sett av til LNF formål i kommunedelplan for Meland (tidlegare kommuneplan). Det vil sei at arealet er sett av til Landbruk, Natur og Friluftformål. Bustadtomt inngår ikkje i formålet.

Det må derfor søkjast om dispensasjon frå LNF formålet i kommunedelplan for Meland for arealoverføringa. Søknad om dispensasjon skal vera grunngjeven og nabovarlast. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside; [Alver kommune - Dispensasjon](#).

Gjer merksam på at søknad om dispensasjon er gebyrbelagt. Informasjon om gebyr finn du her: [Alver kommune - Gebyr](#)

2. Vegrett til attverande del av gbnr 327/20, Drageneset 28 må sikrast. Det må leggjast fram erklæring om rett til tilkomst over gbnr 327/71. Skjema som kan nyttast finn du på Kartverket si heimeside: [Erklæring om rettighet i fast eiendom | Kartverket.no](#)
3. Søknaden er ikkje nabovarsla slik plan og bygningslova krev. Det må derfor sendast nabovarsel til eigarar av eigedomane som grenser til arealet som vert søkt overført til gbnr 327/71. Informasjon om nabovarsel og kva dokumentasjon som må følgje med søknaden finn du her: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#)

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 22.08.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Rundhovde

Drageneset 30

5919 FREKHAUG